

hadde vi fått motorskøyta slik vi kjenner henne, - men med små endringar etter som tida har gått. Gamle foto viser at det og var skøyter med berre ei master eller andre avvik frå hovudtypen for rigging enn det som er nemnt her. Som ein raritet kan og nemnes ein stor-fembøring som var skøyterigga med ei lita mesanmaster fremst på løftingstaket !

Seglkutteren hadde ei anna historie og opphav. Båten/ båttypen kom frå først av frå England/ Skottland der han blei brukt i Nordsjøen på dei store fiskebankane til makrelldoring, garnbruk og tråling. Då britane etter kvart gjekk over til større seglfarty av skonnerttype eller og dampmaskindrevne farty, kjøpte fiskarar frå den svenske vestkysten og nordmenn frå Sørlandet og Sørvestlandet ein god del kutterar frå England/Skottland. Og båttypen spreidde seg nordover og blei etter kvart bygde her til lands og. Kutteren hadde rett (vertikal) baug med nesten horisontal klyverbom, to master og kutterhekk. Hekken var rund og fall svært mykje utover. Rorstammen gjekk opp gjennom hekken. Båten var dekkka og hadde dekkshus og rom for mannskapet under bakken. Kutteren var skonnertrigga, mykje lik seglføringa på skøyta: Særleg stor klyver, stagfokk, gaffel-storsegl, stortopp-segl, mesan og mesantopp-segl. Truleg førte båten breifokk også når det høvde. Formastra var skøytt opp frå ei saling (todelt) som på ein skonnert. Denne øvre delen av mastra blei kalla masterstang eller stangmastra og var nødvendig for mellom anna å få masterhøgde nok for toppseglet. Dette toppseglet hadde ei anna form enn toppseglet på ei skøyte og blei kalla stangtopp-segl. Dette er hovedregelen for seglføringa.

Då moteren kom, gjekk det med kutteren som med skøyta. Klyverbommen og stangmastra kom bort, storseglbommen blei lossebom og akter fekk kutteren styrehus. Dermed var i grove trekk motorkutteren «født». Dei norskbygde kutterane fekk etter kvart litt kortare hekk, og litt framoverfall i baugen (ikkje heilt rett baug).

I ei overgangstid etter at motorane var monterte, hadde dei fleste skøytene og kutterane ein del av den gamle seglriggen i reserve. Motorkrafta var lita og kunne svikte.

Listerbåten, listerskøyta og seglkutteren var viktige i ei viss tid og i utviklinga av kystkulturen, og bør ikkje bli borte i gløymeboka. Eit gammalt foto frå vinterfisket i Austnesfjorden viser ein «armada» av båtar. Og der er nordlandsbåtane i mindretal. Mesteparten er listerbåtar og -skøyter. Det er derfor litt rart at desse båtane har fått så liten omtale og plass i vår tids museum.

Kjelder:

«Båtar og skip» - Nautisk leksikon

Svein Molaug:«Vår gamle kystkultur» - Gamle foto og forteljingar

Søkkenotfiske etter sei i Andfjorden i gamle dagar

Av Ola M. Heide

Seifiske med søkkenot var eit viktig sesongfiske om somrane langs kysten frå Stad og nordover langs kysten. Men på grunn av snøgge endringar i fiskeri-teknologien, vart dette fisket heller kortvarig i historisk samanheng. Det kom i gang rundt 1870 og vara fram til tida like etter andre verdskrigen. I kystbygdene i Sør-Troms og i Vesterålen var dette notfisket sers viktig både økonomisk og sosialt, og det styrte i stor grad aktivitet og arbeidsliv hos fiskarbøndene gjennom somrane der. Sjølv om det vart fiska ein del på heimehavet, var det sesongfisket ute i Andfjorden med base i fiskeværa der ute som var det viktigaste. Som unggut nådde eg så vidt å vera med på dette då eg i somrane 1947 og 1948 var med på «sommarnota» i Andfjorden. Eg skal her fortelja litt om den lokalhistoriske og teknologiske bakgrunnen for dette fisket, og litt om mine egne erfaringar med det.

Frå gammalt av har Andfjorden vore kjent for sitt rike fiskhav. Her seig skreien i store mengder inn på bankane på etterjulsvinteren og ga grunnlag for det store vinterfisket der. Dette var grunnlaget for etablering av viktige fiskevæar som Holmen og Steine på småøyar ute i fjorden der det var kort veg til dei rike fiskeplassane. Det vart sett inn store statlege midlar på utbygging av hamner på desse og andre liknande plassar på 1800-talet. I tida rundt førre århundre-skifte var det samla fleire hundre fiskarar om vinteren her ute. Langs bakkar og råser stod det og rikeleg med anna fisk som brosme, lange og hyse som særleg vart fiska med line. Det var og gode førekomstar av kveite på grunnane rundt om i fjorden der ho vart fiska med gangvad, og i godvêr om sommaren vart harpunert med skottol når ho låg heilt oppe på lysbotn. For ikkje å snakka om «den levrede sei» som Petter Dass skriv om, og som stod høgt i kurs og vart fiska året rundt med ulike reiskap. Om hausten og vinteren vart han fiska med garn der han stod nede i bakkar og djupklakkar i lag med auaren, aristokraten som stort sett lever berre på reker. Men på førsommaren, når det vart rikeleg med åte i fjorden, gjekk seien i stimar opp på grunnane der han sommaren igjennom leika og spratt til ellevill jubel frå kvite flokkar av måse og tenna. Det var særleg når seien gjekk i åte som sil, sildeyngel og blankauge at det var storliv ute på grunnane.

Arkeologiske utgravingar av gamle «møddingar» (avfallsplassar) vitnar om at desse fiskeresursane tidleg vart nytta og utgjorde ein viktig

del av matgrunnlaget for tidlege fangstmenn og fiskarar som slo seg ned rundt fjorden. Funn av fiskekrokar (onglar) av bein og horn vitnar mellom anna om dette. Det største problemet for desse tidlege fangsfolka var nok å skaffa seg fiskesnøre og tråd til fiskereiskap. Dyresener, særleg av rein, vart nok tidleg tatt i bruk, men det er vanskeleg å få til noko lengde av dei. Ein kan derfor tenke seg at dei tidleg lærte seg å nytta plantefibrar av ulike slag, særleg når dei skulle lage seg fangstreiskap som garn og nøter. Bastfibrar av einebast vart tidleg nytta til tauverk, medan ull og hår av sau og geit vart spunne på handteinar og tvinna til garn og tråd. Ein veit og at den viltveksande og fiberrike brennesla tidleg vart tatt i bruk ved at dei lærte seg å røyte og utvinne fibrane i stengelen. Språkfolka meiner m.a. at det engelske ordet *nettle* for nesle har gitt opphavet til ordet net i samanhengen fishing net (not og garn på norsk)¹. Seinare kom lindykinga med utvinning og bruk av linfibrar og import og spinning av hamp og seinare bomull og sisal. I moderne tid er det så kunstfibrar av plast og nylon som har revolusjonert framstillinga av fiskereiskap.

Søkkenota kom

Det var såleis utvinninga av sterke fibrar som kunne spinnas til tråd som ga grunnlaget for framstilling av fiskegarn og nøter. For seifisket sin del, var dette særskild viktig. Tradisjonelt var det garnfiske haust og vinter som dominerte før søkkenota kom i bruk på 1870-talet og ga grunnlag for eit stort sommarfiske av sei. Som så ofte elles, var det møringane som var først ute med denne nyvinninga, men nota kom også snøgt i bruk her nord. I dei fleste bydelag rundt Andfjorden vart det såleis kjøpt inn mange søkkenøter til dette føremålet. Det seiast at på Grytøya var det 13 seinotlag på 1920-talet, og berre på Inner-Gryta var det i min barndom og ungdom 7-8 notlag som eg veit om. (Eg er fødd i 1931). Slik var det stort sett og i alle bygdelag i Sør-Troms og Vesterålen, og notfisket etter sei kom derfor i stor grad til å prega både folkeliv og aktivitet i sommar-månadene. Seinare kom og snurpenota (eller ringnota som ho helst blir kalla i dag) i bruk, først til silde- og makrellfiske, men frå ca. 1900 og framover, også til større fiskeslag. Frå århundreskiftet og fram til dei første åra etter andre verdskrigen var såleis begge notslaga brukt til seifiske alt medan snurpenota gradvis vart viktigare.

Søkkenota var ei tilnærma firkanta nót av hampetråd, om lag 40-50 m i kvar kant. Ved påsetting av telna (snøret langs ytterkanten) var det viktig at nota vart passeleg innskoten slik at ho fekk skap av ein vid sekk (sjå Fig. 1). (Å sy telna fast i nota vart kalla skyting, og ein sørga då for at telna vart litt kortare enn ytterkantane av sjølve nota, dvs. at ho vart høveleg innskoten). Dette var særskild viktig for at nota skulle være »fiskeleg». Skytinga var rekna som ein spesialkompetanse som kravde lang erfaring og vart derfor overlata berre til ekspertar. Ein slik kar var

Hans Arnesen, Lundenes (1790-1866) som skal ha skote i alt 109 nøter frå fjernt og nær. Størrelsen på nota varierte ein god del etter bruken. På ei typisk «bortfarnot» var dei to langtelnene 24 famner, straumtelna 18 famner og unnastrøm-telna 22 famner. Telna bestod av to partar 26 kilos snøre. I kvart øyre (hjørne) av nota var det festa to opphalartau (armar) slik at to mann kunne draga på kvar si side av båten når nota skulle opp i ein fart. Desse armene var oftast laga av snerling. For at nota skulle vera varig, vart ho barka i borkelaug av bjørkebark. Dette kravde store barkekar som det ennå stod fleire av i nausta på Grytøya i min barndom. Under fisket måtte og nota tørkast med jamne mellomrom ved at nota vart volla, lagt utover ein grasvoll i tørrvêr. På Andenes var det ei stor slette ved den såkalla hamnekaia som vart nytta til dette. Under vollainga passa ein og på å bøta alle hol i nota. Når nota låg til tork på marka, kunne det henda at småfe forvilla seg inn på nota og sette seg fast. Det fortelles såleis frå Andenes om ei geit som vasa seg så inn i ei nót at ho måtte skjærast ut. Det vart då ein dag med landligge for å få nota bøtt.

Seifiske med søkkenota

Under fiske med søkkenota måtte det vera fire båtar, ein på kvar notarm, og tre mann i kvar båt (sjå Fig. 1). Fisket etter seien gjekk så godt som alltid føre seg på grunnar, slik at nota vart botnlagt. Det var derfor heilt nødvendig med rein og jamn botn så nota ikkje skulle rivast. Det var på grunnane at seien stod i sommartida, og det var straumforholda som avgjorde kor og når han gjekk i stim og var oppe. Det er på den sia der straumen ber åt grunnen at åta og dermed også seien står. Her i det næringsrike vatnet som strøymer opp frå djupet, er det at plankton og åte




Fig. 1. Søkkenota i bruk på seigrunnen. Teikning modifisert etter Leidulf Olsrud.

står, og det er her seien samlar seg. På grunn av dette har kvar seigrunne si eiga høvelege straumretning.

Når det stod sei framfor ein grunne, sette (kasta) ein nota litt framfor og let seg driva sakte inn mot grunnen. Det var to båtar i motstraumen, straumbåtane. Det låg mykje straum i nota og det var hardt arbeid å manøvrera nota og hindra at ho rak for fort eller gjekk i vase. Dei sprekaste karane var derfor på straumbåtane. På unnastraum-båtane var det litt mindre strevsamt og skårungane vart oftast plasser der dersom dei ikkje var halvvara som delte på ein lott. I slike høve vart dei oftast sett i lag på framromstofa på ein av straumbåtane. På eine unnastraum-båten hadde og notbasen sin plass. Det var hans ansvar å vurdera straumen rett, og hans dirigering og berekning var viktig. Særleg når det låg fleire notlag ved ein grunne og bia på å kaste, var det viktig å plassera seg rett. Det kunne bli trongt om plassen på dei mindre grunnane. Det forteltest at basane i slike høve kunne vifta og peika i ei retning med eine armen så alle såg det, medan dei heldt andre handa i skjul attom ryggen og peika med fingrane i motsett retning til rorskarane sine.

Når ein såg at seien var oppe inne på nota, ropte basen DRAG, og to mann i kvar båt heiv seg i draginga (sjå Fig. 2). Ein kunne og ta seien på «løynd» dvs. at seien ikkje var oppe, men at ein av annan grunn meinte at seien hadde sige innover nota, til dømes ved at ei tenna «stakk» inne på nota, eller at ein kjente at seien gjekk imot armane. Ein kunne då kjenne små-banking i armane. Det gjaldt no om å få nota opp så fort som mogleg. Tredjemann på framtofta i båten måtte no ro alt han vann for halda imot så telna heldt seg stram og kunne skjera fort opp mot overflata. Det var ein eigen teknikk med dette. Ein måtte sette åreblada godt ned i vatnet og draga åretaket heilt ut, for så brennkjapt å føra årene fram til nytt tak. Det vart sagt at nokre av dei som hadde vore mykje med på dette, hadde lagt seg til denne vanen slik at dei var vanskelege å ro i takt med under vanleg roing. Under draginga kappast båtene ofte om å få sitt øyre opp først. Men det var først når ein hadde heile telna oppe at fangsten var sikra. Var det sei i nota, kunne ein kjenna det alt medan ein drog opp telna. Nota vart så dregen inn i unnastraumbåtane. Det var viktig å unngå ryggar eller



Fig. 2. Draging av nota etter at seien har sige innpå. No hastar det.

Teikning av Leidulf Olsrud.

strengar i notlinet, då dette førte til ujamn påkjenning på nota. Når det var storsei og ein var usikker på styrken på nota, var det vanleg at ein så tidleg som mogleg fekk tak i nokre seiar som ein bløgga og slepte ut i nota att for «å få blod i nota». Det skulle døyva seien så han snøggare roa seg.

Når nota var opplina så fisken gjekk tør, bar det til med å håva han opp. I småbåttida vart fisken håva rett om bord i straumbåtane. Det var høvedsmennene der som stod for dette. Var det meir sei i nota enn straumbåtane kunne bera, måtte ein håva i dei andre båtene, og det hente og at ein måtte hente hjelparbåt for å få opp alt. Nota vart då fordelt på tre båtar medan den fjerde rodde til lands etter større båt. Det kunne ofte vera ei mils veg å ro kvar veg, så her kunne ein så visst ikkje vera umakredd. Håven var ein trebøyel med kort skaft og diameter på ca. tre kvart meter. Han var laga av ei halvstor kløfta bjørkegrein med vid vinkel mellom greinene som ein telgde flate og bøygde i hop til ein ring. I bøyelen var det skoten inn ein liten garnsekk av linsnøre. Sekken måtte ikkje vera for djup, elles vart han for tung å arbeide med. Håvinga var tungt arbeid, særleg nå det var storkast på 3-4 tonn. Men det vart og mange bomkast. Nota vart då fordelt på alle fire båtene medan ein rodde eller slepa fram for å gjera nytt kast. Var fisket dårleg, vart det mange kast, og ein måtte ofte ro til andre grunnar for å prøve der. Det var slitsamt i den tida dei berre rodde.

Skifte til motorbåtar

Om lag parallelt med at snurpenota kom i bruk, kom og dei første båtmotorane og førte til eit gradvis skifte frå robåtar til motorbåtar i fiskeflåten. Dette hadde og store konsekvensar for val av fiskereiskap; det var først då motorbåten kom i bruk at fordelane med snurpenota kunne nyttast fullt ut. Før århundreskiftet og den første tida etterpå var søkkenotfisket drive berre med opne ro- og seglbåtar. Den første tida var det særleg firerors nordlandsbåtar som vart brukt. Etter at skøytene kom i bruk, vart det skifta til store og børige spissbåtar, seinare også til doryar. Nokre av desse storspissene var særleg kjente, t. d. hadde dei ei storspisse i Varmedal på Grytøya som gjekk under namnet «Monte Rosa», oppkalla etter den store turistbåten som kvar sommar var på krus her nord. Så lenge dei berre rodde og segla, var det naudsynt med kort veg til seigrunnane, og fisket vart i stort mon drive frå fiskevær som Steine og Holmen o. fl. Etter at motorbåtane kom i bruk som sleparar og lossement for notlaga, vart drifta ved desse «kortreiste» fiskeværa lagt ned. Såleis vart drifta frå Steine gradvis avvikla før første verdskrigen og heile fiskeværet heilt avfolka i 1914. Med dette vart basen for notfisket etter sei i all hovudsak flytta til Andenes som på denne tida hadde fått både 40 m høgt fyr, (bygd i 1859) og god hamn. Det høyrer og med til historia at den 440 m lange moloen på Andenes som vart bygd i åra 1895 – 1904, delvis vart bygd

av steinblokker som vart frakta frå Ytter-Steine. Det var særleg kjempeblokker til det utvendige skalet (plastringa) som vart henta derifrå.

Andenes var eit av dei største fiskeværa i Vesterålen på denne tida, og i sesongane kunne det vera fleire hundre fiskarar samla der. Om somrane var det fleire titals seinotlag frå ulike bygdelag rundt Vågsfjorden samla der ute. Før skøytena kom i bruk, budde fiskarane i rorbuer på land. I storheitstida var der heile 19 fiskemottak på land, og dessutan kjøpefarty frå inn- og utland. Om somrane var det såleis ofte russiske fartøy (russelodjer) på Andenes for å kjøpe sei til salting.

Elles vart mesteparten av seien råskjert og hengt til tørrfisk². I periodar med varmt og godt sommarvêr vart det då ofte problem med tørkeforholda. I varmen vart fisken snøgt blaut og «våmen», og det hente derfor, særleg med storsei, at fisken vart så blaut at han ranga seg ut av røet (skinnet) etter han vart hengt. Det var og vanleg at slik blautsei kunne rakna oppe ved sporden og dette ned i to partar. Elles var makken ei stor plage i sommarvarmen. Makkefloga sverma og la store mengder med egg som snøgt klekte dersom ikkje tørken var god. Særleg utsett var den parten av fisken som låg inn mot råa, der egga var beskytta mot tørke. Ein gjekk derfor ofte over og fjerna denne makken for å berga fisken. I verste makketida om sommaren var det heilt uråd å henga sei. Var det derimot kjølig i veret og vinden var god, tørka egga ut utan å klekka. Den velkjente sommar-nordavinden på kysten (skoddevinden) var derfor viktig og til stor velsigning for seitørken. Sjølv om ein berga seien, kunne kvaliteten bli dårleg på grunn av makk. Slik tørrfisk gjekk under namn av Afrika-vare og vart i stor utstrekning eksportert til Nigeria. Var kvaliteten god, var det derimot Italia-vare. Det vart og prøvd med ulike rådgjerder mot makken. Det vart såleis til dels prøvd med å dyppe fisken i solarolje før han vart hengt på hjellen. Etter at insektgifta DDT kom på marknaden etter krigen, var det også dei som dusja med DDT på hjellane etter at fisken var hengt. Begge metodane hjelpte godt mot makken, men kvaliteten vart ikkje betre av den grunn.

Grytværingane var med

Som alt nemnt, var det fleire notlag på Grytøya, og seinotfisket styrte mykje av aktiviteten til folk i sommarhalvåret. Med 7-8 nøter i drift frå Inner-Gryta, og 12 mann på kvar not (13 etter at motorbåten kom med), var det i alt bortimot hundre mann som var med på seifisket. Det vil seia at mestan alt som var av mannfolk i grendene var med, omframt kårkallar og unggutar som endå ikkje var konfirmerte. Fisket kom i gang på vårparten, oftast midt i april. Denne første seien vart kalla flåseien (ikkje nemnd i mammutverket Norsk Ordbok). Uttrykket kjem av at så tidleg på året, stod ikkje seien oppe på grunnane ennå, og måtte derfor takast på flåa, dvs. på grunt hav med jamm, slett botn utan bakkar eller grunnar (Sjå

Håløygsk ordsamling, Hveding, 1968). Etter dette før dei fleste notlaga heim for å gjera våronna og få sett poteten. Det var gjerne i slutten av mai. Deretter var dei etter somarseien fram til slåtta i slutten av juli, berre avbrote av ein snartur heim rundt jonsokleite for å stikka torv (å torva) til vinterbrensel. Seien stod no på grunnane og vart fiska der. Når slåtta var over og høyet kome i hus, før dei så etter haustseien, ofte heilt fram til seinhausten. Seien var nå leverrik og fin, så haustseien var den finaste fisken.

Elles gjekk seien under ulike namn alt etter storleiken. Ubrukande småfisk gjekk under namn av *grøndill* eller *seimort*. Den minste av brukande fisk var *småseien*, fisk på 1-1,5 kg. Neste storleik, fisk på eit par kilo, gjekk under namn av *stabbesei*, han var så stor at han kunne fiskast på småbeinte garn (stod på 12-rennings garn). Neste storleiken var fisk på 3-5 kg og gjekk under namn av *garnsei*. Sei som var større enn 5-6 kg vart rekna som storsei, medan den aller største seien på over 10 kg vart kalla *skokolsei*, av di han skulle vera lang som ein skokol (skåk). Den vanlegaste notseien var fisk i storleiken 2-5 kg, men ein kunne og få kast med berre storsei.

Den første tida, medan dei ennå rodde og segla, drifta dei fleste notlaga frå Grytøya for Steine. Det var då fleire fiskebruk i Inner-Steine der det var overlag god hamn. Seien vart tatt i land og sløgd og råskjert der. Noko vart levert til fiskekjøpar, men fordi det var betre pris på tørrfisken, vart mykje av fangsten rodd og segla heim og hengt der. Særleg i stilla og godvêr når ein ikkje kunne segle, var dette eit slitsamt liv. Men som gamlekarane sa: «Vi visste ikkje om noka anna, så det var ikkje så gale». Når dei kom tørste og slitne inn Toppsundet og nærma seg Vaskinn-neset, var det vanleg å leggja til lands og drikkja av ein liten bekk som renn nedover berga og ned i sjøen der. Dette var friskt og godt vatn, medan vatnet både i Steine og på Andenes var heller dårleg. Det smaka som myrvatn, sa dei. Karane syntes nok at dette var rein sælebot, og bekkjen vart derfor kalla Sælebota, eit namn som brukast den dag i dag.

Etter at motorbåtar kom i bruk, vart dei først berre brukt som sleparar. Det var helst opne småvorne båtar (motor-åtringar) som vart brukt, så folka budde framleis i rorbuer på land. Denne endringa letta mykje på slitet med all roinga til og frå og mellom grunnane. Likevel var det mange som heldt fram på gamlemåten av di dei ikkje hadde råd til motorbåtar. Etter at drifta vart flytta til Andenes, var det ennå vanleg å ro heim med noka av fangsten og henga han der. Det betalte seg best ettersom prisane hos fiskekjøparane var dårlege. Endå så seint som i mellomkrigstida var ikkje prisen på sløgd sei meir enn 5-6 øre kiloen. Han måtte då råskjerast før han vart levert. Best pris var det på «russeseien» som gjekk for 7 øre. Han gjekk til salting og skulle flekkast etter ryggen utan at buken var

2: Å råskjerda er å kløyve fisken slik at han heng i hop berre ved sporden, så han kan hengast over ei rå. Siste del av verbet er ikkje det vanlege verbet å skjera, men ei avleiing av skar(d), altså kløft: Å råskjerda er altså å ordna til fisken med skar(d) slik at han kan henga på rå. Sjå Heide 2015.

spretta opp. Det vart ikkje så store lottane av dette. På denne tida vart ein sommarlott på 100 kroner rekna for riktig bra.

Sjølv om ein tente litt ekstra på å fare heim med seien og henge han der, var det lang veg og mykje slit med dette. Etter at fangsten var tatt og seien sløgd og råskjert, lei det ofte langt på dag før dei kom seg i roinga. Dei kunne då vera heime utpå natta ein gong. Om mårran var det då vanleg at kvinnfolka kom i fjæra med kaffi og mat til karane. Etter at dei hadde fått seien på hjellen fram på mårrasida, var det så å gje seg på tur attende til været. Dei kunne då nå fram til ny utror og ei ny natt med fiske og ein ny dag med klargjering av eit nytt sjyvêr. Det kunne såleis gå tre døgn i eitt utan søvn på karane. Var det det litt vind så dei kunne segle litt innimellom, kunne dei spare seg mykje slit, men stort søvn vart det likevel sjeldan. Det hendte og at dei fekk ettermiddags-floingar med sterke vindkast på turen attende til været. Det fortelles såleis om kollsegling på Andfjorden i slike situasjonar, men utan at nokon gjekk klar på sommars tid.

Etter at motorskøytene kom i bruk, vart det mindre av dette slitet. Folket budde då om bord i skøytene, og rutinane under fisket vart endra. Det vart nå vanleg at skøyta slepte båtane fram mellom kasta. Den første tida fortsette dei likevel med å håva seien om bord i straumbåtane med handmakt. I mellom kasta vart han så hiven om bord i skøyta med ein såkalla fiskepik på eit meterlangt treskaft. Seinare vart det laga store håvar med jernbøyel og langt skaft slik at fangsten kunne håvast direkte om bord med hjelp av spelet og bommen på skøyta. Fangsten vart nå sløgd og råskjert om bord. Etter at han vart skikkeleg reingjort og skylt, vart han lagt i kassar nede i rommet. I kjølig vêr kunne ein såleis ha med seg to-tre sjyvêr om gongen når ein for heim med skøyta.

Eigne erfaringar

Første gongen eg var med på fiske med søkkenot var eg berre 14 år. Det var på heimehavet i Toppsundet medan det faste notlaget var på fiske i Andfjorden. Folk hadde vore på sjøen og sett at det stod mykje sei rett på kastet ved Ytre Kjeøyeneset. Det vart da i all hast skipa til eit notlag av ungdommar og eldre folk som ikkje lenger var borte på fiske. Nota var ei mindre reservenot som til vanleg vart brukt på heimhavet, og til slepar hadde vi ein 40 fots kutter som låg ledig. Vi fekk godt med sei som vart ført i land og hengt på ein ledig hjell i fjæra heime. Under sløyinga var det jobben for oss skårungane å taka ut levra og draga ut sloget. Levra vart brukt til å bre malingstran til maling av naust og fjøsveggar. Gamlekarane stod for råskjeringa, dei var jo ekspertar med lang erfaring. Dei satt gjerne i oljehyre på ein liten krakk midt i fiskedungen oppe i steinfjæra og flekte seien på eit fangskinn som dei hadde liggande over låra. Vi hadde så jobben med å skylla og vaska fisken og frakte han bort til tørkehjellane. Ettersom det er kvasse bein på den biten av ryggbeinet som sit att på den

råskjerte fisken, stakk vi oss mykje under naglane når vi hanka opp fisken og handterte han. Det vart derfor mang ein sårfingra gutunge av dette arbeidet.

Fiskehjellane var laga av lange stenger (råvedstenger) som var festa til ein A-forma bærestruktur av tjukkare staurar som var stappa ned i grunnen og surra saman i toppen. For å spare snøre, vart rærne festa til berarane med strimler av gamle nøter eller garn som ein knytte rundt festepunkta. På mange av gardane hadde dei råved liggande på nausthjellen. På heimgarden min på Forr var der råved nok til å sette opp fiskehjellar langs heile fjærakanten. Den råskjerte seien vart hengt «omskrevs» på rærne med så pass avstand at fisken hong fritt. For å berga fisken mot måse og anna fugl, måtte ein dekke til hjellane med småmaska garn og nøter. Sist på tida var det nokon som sette opp nymotens hjellar der fisken vart hengt over doble trådar av stram hesjestreng. Dette for å unngå problemet med makk mellom fisken og råa. Det vart tørka fleire omgangar med sei på kvar hjell i løpet av sommaren. Når fisken var tørr, vart han tatt ned og bunta i knipper som vart lagra i naustet til han vart seld. Det var tillate for oss å ta gnargarsei frå hjellane når fisken var tørr. Det var særleg småsei vi tok. Han vart banka mot ein høveleg stein i vorren med ein rund nevestein til fisken smuldra opp. Om søndagane gjekk vi ofte opp i utmarka og åt krøkjebær til dessert. Det var helsesam og god kost for svoltne gutar.

Elles var eg seinare med som «reserve» eit par sjyvêr på heimhavet. Det var på Kjeøybøen vi fiska då. Men somrane i 1947 og 1948 var eg med på søkkenotfiske etter sommarseien i Andfjorden. Eg var med notlaget frå Øvre Forr med Marinius Arnesen som bas. Vi hadde motorskøyta Alfa, T 4 BK, frå Skjellesvika som «lossement» med eigaren Peder Hansen som skipper. Det er ei god erfaring å tenka attende på. Vi var heime kvar helg for ny forsyning med tørrmat. Kvar mann hadde si eiga matbomme med eigen brødmat, medan middagen var felles. Det var skipperen som var kokk. Det var ferskfisk og levermølje kvar dag og ingen var misnøgd med det. Det ulikaste med dette livet, var dei tronge og smale køyene i dei gamle skøytene, der to mann måtte dele soveplass. Her laut ein vera vel forlikte og godt samkjørte der ein måtte snu seg samstundes i køya. Verst var det i «knivskuffa» framme i baugen der det var ekstra trongt om plassen. Heldigvis var vi så pass trøytt og slitne at vi somna straks når vi kom oss til køys, uansett kor trongt og vondt vi låg.

Det var om kveldane og nettene at vi fiska. Vi før på mest alle seigrunnane ute i fjorden, frå Svellingane og opp til Ørja på Senjasida, på grunnane rundt Steine, og heilt ut til Myraflisa på Andøysida, der vi fiska mykje. Midt på dagen når vi kvilte, låg vi som regel oppankra i Ytter-Steine der det var god hamn. Steinbrottet og dei store murane der vitna om fordums verksemd med bryting og utskipping av steinblokker til moloar rundt om i distriktet. Vi fekk godt med fisk og det var bra prisar på fisken. Den

gongen hadde vi så store 1000-krone-sedlar, dei var dobbelt så store som dei vi har i dag. Dei gjekk under namn av «lukepresenningar», og når vi gjorde storkast, vart det ymta om at nå vart kanskje til ein lukepresenning. Fisken leverte vi i Meløyvær hos Brødrene Luther, der vi og bunkra vatn og drivstoff. Underleg å tenka på at plassen nå er så godt som avfolka og fiskebruket nedlagt for mange år sidan.

Så vidt eg veit, var dette dei siste åra at det vart fiska med søkkenót i Andfjorden. Snurpenota hadde tatt heilt over og rådde grunnen åleine etter dette. Eg var såleis med på å avslutta det tradisjonsrike søkkenotfisket etter sei i Andfjorden.

Kjelder:

Hveding, Johan: Håløygsk ordsamling. Bodø, 1968.

Jensen, Helmer: Grytværingan på seinotfiske for Andenes. Notat i Minneboka til Grytøy Bondevinnelag.

Norsk fiskerihistorie – på nett. <http://www.fiskeri.no>

Heide, Eldar. 2015. Stokkfisker, bakalao / kabeljau og handelsordvandring. Håløygminne 96 (4): 341-345.

Olstrup, Leidulf: Søkkenot. Kystlaget Arctandrias Skrifter nr. 9. 2012.

Ola M. Heide er pensjonert professor i botanikk ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (tidlegare Norges landbrukskøleskole), 1432 Ås. Han vart fødd på Forr på Grytøya i 1931 der han vaks opp og budde til han reiste ut som tjueåring.

Vottvikane og vottesegnene

Av Finn Myrvang

I nordlandsbåttida var forlis alvorlege, om ikkje katastrofale. Meir uventa er at det i kjølvatnet flyt snodige namneseigner. Ei slik finn vi hos Olaus M. Nicolaissen, i «Sagn og Eventyr fra Nordland»: «I gamle dage skal i den inderste Saltenfjord gået for sig et stort fiske af allehånde og til bevis på, at mange både søgte til udenfor Evenseth, hvor en gruelig storm engang har omkastet så mange både, at man fandt 50 vanter eller votter, skal der endnu en vig, liggende mellem Evenseth og Koddevåg, kaldes Vottevigen» (b.2: 71). Dette fann Nicolaissen i Skjerstad kallsbok, som burde vere å lite på, men på *det* landet finst berre Vedvika. Vottvika det må vere tale om ligg på austsida av Godøya, i det gamle Bodin. Dei som har hjelpt¹ meg å finne rette stad på kartet, peikar elles på at plasseringa gir meining i samanhengen, av di det er austavind som er *uveret* på Skjerstadvikfjorden, og då stenger Godøya mot vest. Her fell òg ein nyare segnvariant på plass, knytt til just Vottvika i Bodin: ”Der kollsigla ein åttring med 6 mann tett utføre landet. Folk fann etterpå 6 votter, alle til høgrehanda” (Hans Eidnes, Hm. b.11: 60).

Langt seinare enn Nicolaissen kjem Ole T. Olsen inn på same overleveringa i «Norske Folkeeventyr og Sagn», frå eit uver i Lofoten: «Så bråt kom uveiret, at fiskerne kun fik tid at trække av sig votten på venstre hånd. Dagen etter fandt man 50 venstrehåndsvotter, dreven i land i den samme bugt, og til minde herom og om den sørgelige begivenhed blev bugten kaldt Votviken, hvilket navn stedet har den dag i dag». Dette kan vere Vottvika vestom Brettesnes, sjå seinare, men i og med at annan tradisjon knyter forliset til *Skrova*, er Vottvika på Litlmola bokstavleg talt meir nærliggande. Segna har historisk kjerne for så vidt at uveret skal ha vore 11. februar 1849, berre at ingen veit kor mange fiskarar som faktisk miste livet den gongen.

Det fanst ei liknande segn om Vottvika i *Lovunden*, at der var funne sju sjøvottar som berre passa på ei hand, og for snart 60 år sidan fortalde Josef Pedersen i Skipnes i *Øksnes* meg flg.: «For mange år sidan, eg kan ikkje seie årstalet, var det ein manndrapardag. Då gjekk det mykje folk klar. Sagnet sei at dei fann 18 sjyvotta¹ for ei og same hand på Børrøymola, og det vart mange enker». I det siste tilfellet er namnetolkinga fråverande, ser vi, men vi aner at dette er variant av ei segn Edvard Ruud har vore inne på: «I gammal tid stod det fleire rorbuer på Gåsøykalven i Øksnes. Men eingong kom det ein forfælande sudvestkuling og feidde alt med seg. Mange båtar som låg heilt utpå Dråggjen såg dei aldri noko til. Berre her

¹ Takk til Inge Strand og Rolf Evenset.

Harstad

er einaste lokalhistoriske tidsskriftet for heile Nord-Noreg. Skriftet kjem ut med 4 hefte om året. Det har stoff om nordnorsk historie, om folkeminne og tradisjon m.m. I blant har «Håløygminne» gitt ut særskilde tilleggsbøker som tingarane har fått utan ekstra kostnad.

Årspengane er kr 200,- (frå 01/01-2014). Alle bibliotek kan tinge skriftet gjennom Norsk Bibliotekforenings Tidsskriftformidling til noko redusert pris.

Tidsskriftet blir sendt inntil mottakaren seier opp abonnementet.

Vidkunn Eidnes har ansvaret for skriftet.

Adresse for Håløygminne: Skjæravn 30, 9404 Harstad

E-post: v.eidnes@frisurf.no - Bankgiro 4760.05.11404.

Org.nr.: 996 629 570 - Håløygminne på internett: www.hminne.no

Ekspedisjonen har framleis dei fleste av hefta etter 1963 for sal, likeeins register for tida 1920-44 og 1945-2004 og ein del særprent.

Ved å vende seg til ekspedisjonen kan ein få opplysning om prisane m.m.

Inntil vidare sel vi eldre årgangar til «gje-bort-pris»!

Innhald i dette heftet:

Svein Kongsjord:	Litt båthistorie.....	s. 389
Ola M. Heide:	Søkkenotfiske etter sei i Andfjorden i gamle dagar.....	s. 397
Finn Myrvang:	Vottvikane og vottesegnene	s. 407
Vidkunn Eidnes:	Finn Myrvang – heidra med Kongens fortanestemedalje.....	s. 416

